

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	14/4070

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
51/2014	Utval for levekår	PS	04.11.2014
68/2014	Kommunestyret	PS	19.11.2014

Prioritering av søknadar om spelemidler i Meland kommune - 2015

Vedlegg:

Innstilling til spilletippemidler 2015 frå Meland idrettsråd

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknadane på spelemidler for 2015 skal fornyast med oppdatert prioritering, inkludert nye søknadar. Meland idrettsråd er høyringsorgan når det gjeld innstilling til prioritert rekkjefølgje av spelemiddelsøknadane. Søknadane er:

Ordinære idrettsanlegg

Anleggsstad	Anleggseining/tiltak	Anleggsnr.	Søknadssum	Status
Meland Motorsportbane	Meland motorsportbane - motocross kl. C	1256004001	Kr 1 000 000	Fornya
Leirdalen idrettsanlegg	Grusbane - Lysanlegg	1256003702	Kr 148 000	Fornya
Leirdalen idrettsanlegg	Klubbhus m/rom for møte/arrangement	1256003704	Kr 1 000 000	Fornya
Leirdalen idrettsanlegg	Hus for vedlikehald, drift og idrettsmateriell	1256003706	Kr 700 000	Fornya

Nærmiljøanlegg:

Anleggsstad	Anleggseining/tiltak	Anleggsnr.	Søknadssum	Status
Frekhaugmarka ballplass	Frekhaugmarka ballplass, rehabilitering av ballbinge	1256000501	Kr 285 000	Ny

Vurdering

Søknad på anleggseining 1256004001, **Meland Motorsportbane - motocross klasse C** med søknadssum kr 1 000 000, blei første gong godkjend i kommunestyret den 11.12.2013, saksnr. 086/13. Administrasjonen følgjer Meland idrettsråd si tilråding, og motocrossbane klasse C ved Meland Motorsportbane får **prioritet 1** innafør ordinære idrettsanlegg ved søknad om spelemidler

2015.

Søknad på anleggseining 1256003702, **Leirdalen idrettsanlegg – lysanlegg** med søknadssum kr 148 000, blei første gong godkjend i kommunestyret den 10.12.2008, saksnr. 124/08. Søknaden blei fornya for 2010, -11, -12, -13 og -14. Administrasjonen følgjer Meland idrettsråd si tilråding, og lysanlegg ved Leirdalen idrettsanlegg får **prioritet 2** innafor ordinære idrettsanlegg ved søknad om spelemidlar 2015.

Søknad på anleggseining 1256003704, **Leirdalen idrettsanlegg – klubbhus med rom for møte/arrangement** med søknadssum kr 1 000 000, blei første gong godkjend i kommunestyret den 14.12.2011, saksnr. 178/11. Søknaden blei fornya for 2013 og 2014. Administrasjonen følgjer Meland idrettsråd si tilråding, og klubbhus med rom for møte/arrangement ved Leirdalen idrettsanlegg får **prioritet 3** innafor ordinære idrettsanlegg ved søknad om spelemidlar 2015.

Søknad på anleggseining 1256003706, **Leirdalen idrettsanlegg – hus for vedlikehald, drift og idrettsmateriell** med søknadssum kr 700 000, blei første gong godkjend i kommunestyret den 14.12.2011, saksnr. 179/11. Søknaden blei fornya for 2013 og 2014. Administrasjonen følgjer Meland idrettsråd si tilråding, og hus for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell ved Leirdalen idrettsanlegg får **prioritet 4** innafor ordinære idrettsanlegg ved søknad om spelemidlar 2015.

Ny søknad på anleggseining 1256000501, **Frekhaugmarka ballplass – rehabilitering av ballbinge** med søknadssum kr 285 000, jf. sak 14/4053, får **prioritet 1** innafor ordinære nærmiljøanlegg ved søknad om spelemidlar 2015.

Folkehelse

Tiltaka er godkjende i Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 og har betydeleg innverknad for folkehelsa i Meland.

Miljø

Ikkje vurdert særskild i saka.

Økonomi

Finansieringsplanane for tiltaka er godkjende frå før av, med unntak av søknaden frå Frekhaugmarka vel. Administrasjonen vurderer deira finansieringsplan som tilfredsstillande, jf. sak 14/4053.

Konklusjon

Det er for 2015 oppe til levering fire søknadar på spelemidlar ordinære idrettsanlegg og éin på spelemidlar ordinære nærmiljøanlegg. Dei allereie gjennomførte tiltaka er svært positive, og det same gjeld dei som skal gjennomførast dei kommande åra. Administrasjonen oppmodar potensielle søkjarar til å forberede søknadar for 2016, spesielt med tanke på nærmiljøanlegg.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

Utval for levekår - 51/2014

ULK - behandling:

Øyvind Oddekalv (AP) var ikkje tilstades under handsaming av denne saka.

ULK - vedtak:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.

Kommunestyret - 68/2014

KS - behandling:

KS - vedtak:

Meland kommune går inn for prioritering av spelemidlar 2015 slik den ligg føre i vurderinga.